

# BOKN BYGDABLAD



Nr 5 - Juni 2002 - Årg. 17



Eksamensfest - s. 8



Husflidstreff - s. 5



Tidleg blått - s. 9



Solstråle - s. 10





Bokn  
kommune

Kusymre  
kommuneblom i Bokn







## RDFØRAREN RDET

Hei!

### Verdiar

Her ein dag kom eg i snakk med ein person som hadde blitt ramma av sjukdom og blitt sjukemeldt. Han var svært glad og takk-nemlig for støtta og hjelpa han hadde fått i lokalsamfunnet på Bokn og han var overbevist om at det ikkje var slik alle plasser. Han var og glad for at han budde her og fekk oppleva denne støtta, som var svært god å ha i ein vanskeleg periode.

Dette er svært viktige verdiar å ha for eit lokalsamfunn, og la oss fortsette å ta vare på slike verdiar.

### Årsrekneskap og årsmelding

Årsrekneskap og årsmelding for Bokn kommune blei behandla i Kommunestyret 19/6.

Rekneskapen viser eit netto driftsresultat på ca 4,5 mill. kr. og eit udisponert resultat på nesten 1,9 mill. Dette er svært bra samanlikna med mange andre kommuner og skyldast god drift og inntekter på ca 6,5 mill. frå Haugaland Kraft AS og eigedomsskatt frå Tysvær.

Overskotet blei vedtatt brukt til finansiering av eigedomsskjøp til industriformål i Føresvik.



Årsmeldinga gir ei svært god oversikt i drifta av Bokn kommune og viser at 2001 har vore eit svært aktivt år.

Ei kortversjon av årsmeldinga er midtsidene i dette bladet, som interesserte kan riva ut.

endrar seg i tillegg til at der er kommet nye forskrifter om at alle som krev langvarige og koordinerte tenester skal få utarbeidd ein individuell plan. Eit planutval har nå utarbeidd planar og kostnadsanalysar over tiltak som må gjennomførast. Kommunestyret har nå godkjent planane og lagt kostnadane inn i budsjett og økonomiplan. Det er Kommunestyret sitt ønske at alle får eit best mulig liv og me håpar at iverksetting av dei planlagte tiltaka er med på å bidra til det.

### Revidert budsjett

Kommunestyret hadde også oppe revidert budsjett for 2002 kor endelig finansiering av utbygging av industriområdet i Føresvik og utbygging av omsorgsbustader blei vedtatt. Etter desse utbyggingane, i tillegg til skuleutbygginga, får Bokn kommune ei svært høg gjeld så det må bli svært små investeringar i nokre år framover.

### IKT-konsulent

Kommunestyret har også vedtatt å ansetta IKT-konsulent i 80% stilling til å passa på at alle datamaskinar og program fungerer som det skal i kommunen.


### Sommarjobbar

Kommunen har også dette året, saman med næringslivet, tilbod til ungdom om sommarjobb. 14 stk har søkt og alle har fått jobb i 2 uker, nokre har også ordna seg sjølv.

Det er nå tid for sommarferie og eg ønsker alle ein god og fortjent sommarferie.

**GOD SOMMAR!**

Svein Ove



### Tiltak for funksjonshemma

Bokn kommune har over lang tid hatt tiltak for funksjonshemma, med dagtilbod og andre pleie og omsorgstilbod. Desse tilboda



# 9 nye omsorgsbustader i Bokn

Reidar Alvestad

## Tidlegare utsett

Sentrale styresmakter har dei seinare åra gått ut og tilbydd kommunane tilskot i samband med utbygging av omsorgsbustader og sjukeheimar. Slik var det også for 7 år sidan då Bokn fekk sine 6 første omsorgsbustader.

I denne siste omgangen med tilskotsmidlar, har det vore slik at dei kommunane som var først ute, fekk tilskot til det dei hadde planlagt. Seinare tok det slutt på pengane, og det såg lenge dårleg ut for Bokn. Planarbeid og førebuing av bygging måtte utsetjast i påvente av tilskotsmidlar. Til slutt kom beskjeden om at kommunen får tilskot til 8 bustader. Planarbeidet hadde nå pågått i over 2 år, den siste tida har saka lege i ro pga venting på tilsagn om midlar.

På bakgrunn av melding om tilsagn har kommunestyret nå vedtatt at dei opprinnelege planane om 9 bustader skal iverksetjast. Tilskotssummen er kr. 750.000,- pr. husvære


at husleiger i slike bygg skal dekkja opp renter og avdrag. Storleik på husleigene er ikkje avgjort ennå,, men vil nok bli høgare enn i dei andre omsorgsbustadene. Dei aller fleste av leigetakarane i slike bustader har rett på bustøtte som vil gi mindre netto husleiger.

## Framdriftsplan

Det er ikkje fastlagt nokon endeleg framdriftsplan for prosjektet, men dette blir gjort i næraste framtid. Likevel må ein kunna forventa at arbeidet på tomte vil starta før året er omme, og at bustadene står ferdige neste år.

## Behov

Dei siste 7 åra ein har hatt 6 omsorgsbustader i Bokn, har det ikkje vore mangel på søknader til desse. Dei seinare åra har det alltid vore fleire søkjarar når det har vore ledig omsorgsbustad. Når dei nye omsorgsbustadene er ferdige, skal den eldste delen av sjukestova primært vera ei senil - dement avdeling, og den vestre



Den første skissa av omsorgsbustadene ser slik ut. Fasaden her er mot aust, og bustadene vil bli plassert i området frå nordre del av sjukestova og nordover mot eksisterande omsorgsbustader. Noko av det som vil bli endra på er heistårnet (med vimpel på toppen). Det skal gi tilgang til øverste etasje på Boknatun. Det er adkomst mellom den nyaste avdelinga på sjukestova og dei nye omsorgsbustadene.

Til venstre på skissen er det nåverande Boknatun som er skissert t.v. for heistårnet. I underetasjen ser ein dei tre husværa som er tenkt nytta til funksjonshemma.

Heistårnet vil bli omarbeidd slik at det skal harmonera betre med resten av bygget, og det treng heller ikkje vera så høgt som skissen viser, i og med at det er ein rullestolheis som skal vera der. Elles er det sett av areale til fellesrom i 2. etasje nærast trapperommet.

I 1 etasje vender romma mot aust. I 2. etasje er det ein tilførselsgang i midten med inngang til husværa som ligg både mot aust og vest. Gangen vil ha glas over slik at det blir dagslys ved inngangane.

## Kostnader

Generelt sett har byggekostnader gått opp dei siste åra. Totalt sett er det ei kostnadsramme på kr. 12.890.000,- for prosjektet. Dette inkluderar også tomt som kommunen eig. Det reelle lånebehovet ligg på ca. kr. 6.200.000,- når oppstartingstilskot og kompensasjonstilskot frå staten er fråtrekt. Det vil seia i underkant av 50% kostnader som kommunen må låna. Ein ser det likevel som eit sjølvfinansiert prosjekt, i og med

nyaste delen skal ha plasser til bebuarar som av ein eller annan grunn berre skal ha kortare opphald i institusjonen. Ein forventar difor auka pågang på omsorgsbustadene. 3 av dei nye bustadene blir øyremerka for funksjonshemma.

Prosjektet med 9 nye omsorgsbustader er det siste store byggeprosjektet kommunen har vedtatt etter at det nå er bygd ny barnehage, og ei stor utbygging av skulen er i ferd med å bli ferdigstilt til hausten.



# Kulturmidlar 2002

Bokn Driftsstyre fordelte kulturmidlane 2002 i sak 19.02 den 06.06.02. Potten på kr. 100.000,- blei fordelt slik:

| SØKJAR                                   | FORDELING |
|------------------------------------------|-----------|
| Bokn barnekor                            | 2.500     |
| Bokn bedehus                             | 2.000     |
| Bokn Båttforening                        | 2.000     |
| Bokn danse- og ungdomslag                | 1.500     |
| Bokn hagelag                             | 1.000     |
| Bokn idrettslag inkl. Pluggen Motorklubb | 20.000    |
| Bokn KFUK/-M                             | 10.000    |
| Bokn Musikkorps                          | 10.000    |
| Bokn ride-køyrekl.                       | 10.000    |
| Bokn Røde Kors                           | 10.000    |
| Bokn Skyttarlag                          | 6.000     |
| Bokn søndagsskule                        | 4.000     |
| Bokn vevstove                            | 1.000     |
| Lanux dataklubb                          | 10.000    |
| Tysvær og omegn LHL                      | 0         |
| Petra Fritidsklubb                       | 10.000    |

Tildelinga er basert på gjeldande retningslinjer, der ulike aktivitetar for barn og unge, musikk og idrett skal prioriterast.

Driftsstyret skal 27. august revidera gjeldande retningslinjer og laga eit høyringsutkast til nye. I prosessen fram mot ei innstilling til Kommunestyret seinare i år blir alle søkjarane kalla inn til eit drøftingsmøte.

## Austre Bokn Handelslag

Som omtala i dette bladet i eit tidlegare nummer er mulighetene for fortsatt drift små dersom ikkje noko vert gjort. Det nye styret er av den meining at ein vil undersøkje mulighetene for å skaffa meir inntekter til laget og dermed sikra framtidig drift.


I den forbindelse er det halde møter med kommunen, reielivslaget og næringsforumet. Det konkrete resultat så langt er at styret vil søkje om midler til å engasjere ein som kan arbeida med kva muligheter som finnes.

### Bruk fantasien og ta kontakt

Arbeidet til no har allikevel ikkje avdekt at den heilt gode ideen ikkje er så enkel å få auga på. Dette kan ha samanheng med manglande fantasi. Difor inviterer me lesarar som måtte ha tankar omkring dette til å ta kontakt.

Det som vil vera mest interessant er å oppretthalda drift mest mulig som dagens, med tillegg av dette nye som då er med på å leggja grunnlag for drifta. Går ikkje det er det og interessant med forslag til annan aktivitet, kanskje heilt utan handel. Me er takksame for innspel.

Ta kontakt med ein styret som er: Ann Strand, June Kro, Reidar Øvrebø, Trond Nedrebø og Bernhard Våge, eller styrar Ei-vind Øvrebø.





# Haugtussa quilteklubb besøkte vevstova

Reidar Alvestad

## Blåtur

Haugtussa quilteklubb har ein gong i året ein blåtur i distriktet. På desse turane drar dei gjerne innom lokale husflidsaktivitetar for å sjå kva som skjer rundt omkring. Når dei i år den 5. juni skulle ha fiskesuppe og hyggelkveld på Sjøhuset i Alvestadkroken, var det nokså naturlig å avlegga Vevstova på Bokn eit besøk før dei inntok Sjøhuset.



"Vevkjerringane" hadde tatt fram mange av dei ferdige produkta sine og hengt fram til utstilling for dei besøkjande frå Haugtussa quilteklubb.

## Fullt hus

Haugtussa quilteklubb har til saman 107 medlemmer. Ved besøket i Bokn var det 54 av desse som tok turen. Men 54 personar i tillegg til vevstova sine eigne medlemmer gjorde at det blei stappfullt i dei lokala vevstova i Bokn har til disposisjon. Etter kvart som dei var ferdige med å sjå på vevstova si utstilling, sette dei seg rundt i gangane og det ekstra rommet vevstova har i 3. etasje i Kyrkjebygd kultur- og aktivitetshus. Dei var imponerte over alt det fine arbeidet som blei utført her.



Ei stor gruppe frå Haugesund quilteklubb besøkte vevstova.

## "Show and tell"

Treffa sine har Haugtussa quilteklubb 1 gong pr. mnd. på skulen i Førre. Då har dei med seg småarbeid, og har alltid ein runde med "show and tell" kor medlemmene viser fram arbeid. Det hadde dei også på denne turen kor dei la det inn i programmet på Sjøhuset.

Det er allslags typer arbeid dei utfører i Haugtussa. Tepper til seng, vegg, dukar, vesker, osv.

Neste sommar skal dei ha Vestlandstreff og kurstreff i



Leiaren i Haugtussa quilteklubb, Marit Ringseth t.v., viser her fram eit slumreteppe som Kjersti Sørhaug t.h. har laga.

Det er eit lappeteppe med utskorne ruter etter mønster som er sydd saman. Det er knutequilta og vattert.



Her er eit anna stort handarbeidd teppe. Marit Ringseth t.v.

Haugesund.

Vevstova her i Bokn syntes det var interessant og lærerikt å ha Haugtussa på besøk. Sjølv om dei arbeider med forskjellige ting, fekk dei gjensidig utveksla ulike typar arbeid og teknikkar innan husflidsarbeid, noko som kan gi både inspirasjon og pågangsmot i det vidare arbeidet med å utvikla husflidstradisjonane.



# SKULEN INFORMERER

Skulekontoret, 52 75 25 69 kl. 08.15 - 12.30

## SERVICEERKLÆRING FOR SKULEN

Før skulen startar etter sommarferien skal me ha laga og sendt ut til foreldra ei såkalla serviceerklæring for skulen. I den vil det stå forskjellig informasjon om skulen som me trur foreldra vil ha nytte av.

Dersom du har tankar om ting du meiner bør med i ei slik serviceerklæring, er det kjempefint om du kontaktar oss. Har du tilgang til e-post er det enklaste og sikraste at du sender ideen din til adressa

**dhalvorsen@bokn.kommune.no**

Elles kan du sjølvstakt ringe oss eller skrive.

## KLARGJERING TIL OMBYGGING

Laurdag 1. juni kl 1200 møtte 21 av elevane på ungdomssteget på skulen, og var med på ein kjempeflyttesjau frå romma til skulekjøkken, musikk og forming / sløyd. Mange hadde meldt frå på førehand at dei ville vere med, men det blei likevel litt spanande å sjå kor mange som ville stå ved løfta sine då det blei så fint ver. Dei siste kveldane hadde nok også ein del vore seint i seng i samband med gjestene frå Malmø.

Det viste seg at dei heldt løfta sine, møtte presis, og flyttesjauen var i gang. Det er jo kjent at me veit ikkje kva me har før me skal flytte. Nå er i alle fall gymnastikk-salen 3/4 full med koppar og kar, skåp, tavler, pul-tar, gryter m.m. Gymnastikksalen skal i tillegg vere klasserom for 9. og 10. klasse desse siste dagane før sommarferien.



Fotos: Sophie Jansen Alvestad og Jardar Havikbotn

Elevane gjorde ein kjempejobb, - dei skrudde og bar, gjekk og gjekk, og til slutt var romma tomme. Innimel-lom tok me oss tid til pølse, pizza og brus.

Vel blåst og nok ein gong takk til ungdommane som også har fått litt løn for strevet.

## MEIR NORSK FOR 2. – 4. KLASSE

Det har vore litt att og fram om korleis 2. klasse skulle få den nye norsktimen. Men nå er det fastsett av drifts-styret, etter ønskje frå foreldra, at også 2. klasse får auka sitt veketimetall frå 20 til 21 neste skuleår.

Det betyr at 2.- 4. klasse får ein langdag på 6 timar anna kvar veke. Den ekstra timen er lagt til norskfaget. For 1. klasse er det inga endring. Dei går 20 veketimar som no.

## SKULESKYSSEN

Skuleskyssen har ikkje vore god for alle elevane dette skuleåret, for å seie det litt forsiktig.

Kjernen av problemet ser ut til å vere at Haugaland Bil-lag har brukt to bilar til skyssen, mens vegnettet og køyrerutene er slik at det bare kan bli ei fullgod løysing for alle elevane dersom ein brukar 3 bilar.

Haugaland Billag meiner at skyssordninga slik den er no, er akseptabel og ikkje bryt dei retningslinene for skyssen som fylket har.

Foreldra dette gjeld, og skuleleiinga, meiner skyssord-ninga ikkje har vore god nok for alle elevane, og at den bryt retningslinene til fylket.

Driftsstyret har vedteke at dei ønskjer ei betre skyss-ordning, og at kommunen om naudsynt må ta dei ek-st-ra kostnadene.

Denne saka er ikkje avslutta enno. Det er framleis ein diskusjon mellom Billaget og skuleleiinga om kven som skal ta kostnadene. Men me meiner me alt no kan g-le-de dei foreldra det gjeld med at det vil bli brukt 3 bilar i skyssen frå hausten av. Dei ekstra kostnadene er ikkje så store som me trudde, og Billaget arbeider med eit nytt ruteutkast med bruk av 3 bilar. Me vil kome attende med meir detaljar om dette seinare.

31. mai var heile skulen på vellukka dagstur til Bømlo og opplevde Mostraspelet.

På neste side kan du lesa kva 13 år gamle Kristiane L. Mikkelsen har skrive om skodespelet.



# Mostraspelet

Kristiane I. Mikkelsen

Mostraspelet handlar om ein kamp om kristendommen og den gamle gudelæra. Året er 995 til 1024.

Her er litt om personane og handlinga i skodespelet:

**Torolv frå Grindheim** var kongsbonden på garden. Han var trulova med **Vigdis** som er bare femten år og er dotter til Håstein. Torolv blei lyst fredlaus av kongen. Han reiste utanlands og plyndra mykje på dei plassane han var. Då han kom heim igjen, hadde han store rikdommar med seg og fekk ein stor gard. Han trudde på den gamle gudelæra og ville at alle andre også skulle det.

**Håstein Aresson** var venen til Torolv. Håstein var storbonde og ein gode, som er ein religiøs seremonimester. Han ville ha omvending til kristendommen.

**Torbera** er mora til Torolv. Ho er veldig sjølvstenedig. Ho sa ja til kristendommen. Ho var frua på kongsgarden, så ho hadde veldig mykje makt i samfunnet på Oster.

**Tangbrand** samla inn skattar for kyrkja.

**Olav Haraldson** blei kalla **Olav den Heilage**, etter at han døydd i 1030. Han var med i ein kamp der han døydd. I 1024 kom han tilbake til Oster og ville få dei til å tru på den gamle gudelæra igjen.

**Olav Tryggvason** ville få Noreg "kristen" i 995, han hadde med seg bispen **Sigurd**. Dei ville ha slutt på den fæle blotinga.

Dei mest hardhause bada (øverst) i Røyksundkanalen i regnværet. Seinare blei det sol og grilling før folket gjorde seg klare til den 2,5 timar lange førestillinga (midten). Nederst frå ein scene i spelet.

Både små og store kosa seg på turen!

Fotos: Wenche L. Havikbotn





# Ein ny 10. klasse har hatt eksamensfest

Tekst: Ingjerd Ellingsen - foto: Tom Inge Aksdal

Onsdag 19. juni laga Bokn skule til avskilsfest for 10. klasse på Kyrkjebyggd kultur -og aktivitetshus. På grunn av ombygginga på skulen måtte me flytte festen ut av skulehuset. Elevar, foreldre, lærarar som har hatt klassen og tidlegare klassestyrarar var invitert. 9. klasse hadde ansvar for borddekkinga og serveringa av smørbrød og is og tok seg av rydding

med, video-opptak frå turen.

Arne Hosaas har vore klassestyrar frå elevane starta i 6.klasse hausten 1997, og han hadde sjølv sagt mange minner han friska opp. Elevane fekk ei helsing frå han som var eit kort som inneheldt fire klassebilete frå skuletida til klassen. Klassen var ikkje snaue dei heller og gav han tilbake ei stor flott tine laga av Ottar Håland og med namna til elevane gravert under.

Siste post på programmet var utdeling av vitnemål frå grunnskulen og dette var klassestyrar og rektor saman om.

## Innslag av jentebandet.

Fv. Kristina Faye - bass, Camilla H. Birkeland - el.piano, Guro Nygaard, Sophie J. Alvestad og Vibeke Borgenvik - song.  
Bak Therese Våge - trommer.

og oppvask undervegs.

Programmet for ein slik kveld skal innehaude litt "mimring" frå skuletida til klassen, og Solveig Våga som hadde klassen i 3. og 4. klasse hadde med seg akvarellar som elevane hadde laga til henne og gav dei nå attende som eit minne frå tida ho hadde dei.

Foreldra fekk og høyre eit innslag av det nystarta jentebandet, som er sammansett av jenter frå 9. og 10.klasse, nede i diskoteklokalet. Klassen var som kjent på klassetur i april og kunne vise for alle som ikkje var



Det siste klassebildet, fv. Hermund Kro, Lars Øyvind Alvestad, Camilla Holm Birkeland, Kristina Faye, Sindre Nygaard, Jens Are, Hanne Nilssen. På reilene Rene Alvestad og Vibeke Borgenvik





## Tidlege blåbær

Jardar Havikbotn



Naturen er tidleg ute med fleire ting i år, og 16. juni fekk eg tips om solmodne blåbær av tur-gåarar ute i Bokn sin rike natur. Dette må vel vera ein måned tidlegare enn normalt.

To dagar etterpå fekk eg ein tlf. frå skulen om elevar som fann sorten rett aust for bygget. Og i

1. klasse kunne Regine Nilsen stolt visa fram flotte nyplukka blåbær.

Ho kunne også fortelja at dei hadde ei stor tue heime, og inviterter meg til å komma og plukka.

Iflg. leksikon blømer blåbærplanten i mai/juni og er moden i juli/august, så dette året må du

skynda deg til blåbærplassen din, ellers kan du risikera at den tidleg modne bæra er plukka av andre.....

Den lokale diktaren Kjetil Hamre skreiv på oppfordring same dagen eit dikt om denne hendinga.

Diktet kan du lesa under her.

## Berre blåbær

*Regine heiter den jenta  
som stolt viser fram blåe fingre  
Dei fyrste blå bæra er henta  
kva meir vil sommaren bringe  
Du må bøya deg ned for å sjå dei  
du må leita for å plukka dei opp  
Du kan tre dei på eit strå og ta dei med deg  
eller putta dei i ein kopp  
Sommaren er her med sin grøde  
i solhellengen glinser det i blått  
Ein kopp med sukker og fløte  
det gjer godt i ein barneskjøtt*

Kjetil Hamre  
18.06.02



Foto: JH

Regine Nilsen med blæbæra ho plukka i eit friminutt.



# Judith Grønnestad sluttar som reinhaldar i Bokn kommune


## - takk for ditt gode smil! -

Tekst: Ingjerd Ellingsen - foto: Tom Inge Aksdal og Reidar Alvstad

Judith Grønnestad hadde den siste arbeidsdagen som reinhaldar i kommunen fredag 21.juni. Arbeidsplassen hennar har vore Bokn skule.

Torsdag 20. juni vart dette markert ved at elevane på skulen klokka halv ni om morgonen laga ein stor ring ute på skuleplassen og Judith måtte sjølv sagt vere midtpunktet i ringen. Ho fortalde at ho starta som reinhaldar hausten 1979 og har hatt arbeidsdagane sine på skulen etter det. Therese Våge, som er elev-

rådsleiar, gav henne ein bukett med 10 roser -ei rose frå kvar klasse. Eit lite kort fylgde med og hadde ei kort helsing som inneheld desse orda: "Takk for ditt gode smil! " Frå personalet på skulen fekk ho av rektor gåve og blomar.



Klokka halv tolv hadde seksjon teknisk invitert Judith, kollegaene hennar og vaktmestraner til ei fin avskilsmarkering på Allrommet.

Hans Faye gav henne gåvekort og blomar frå arbeidsgjevar Bokn kommune og ho fekk blomar frå kollegaene sine.

Judith har som nemnt heile tida hatt arbeidsstaden



sin ved Bokn skule. Dei fyrste åra vaska dei alle romma etter at skulen var slutt om dagane, men dei siste åra har arbeidstida vore frå 06.30 til 11.00 kvar dag. Judith har og tatt sin tårn med å vaske etter ulike arrangement ved utleige, og har saman med kollegaene sine sytt for at alle undervisningsrom er reine og fine til elevane møter opp på skulen til skulestart om morgonen. Det var ikkje tilfeldig at kortet frå elevane inneheldt orda "Takk for ditt gode smil." Judith har hatt eit smil til alle, både store og små, og me vil sakne dette, og gode ord ho alltid har hatt tid til.

Me vil ynskje Judith lukke til med mange gode år som pensjonist.

På dagsenteret driv dei med mykje kjekt. Mellom anna skriv dei ned rim og regler som dei eldre hugsar frå tidlegare år. Her er ei av reglene:

Det var **en** mann  
der var godt **to** i.  
Han var hård som **tre**  
og ville aldri **fire**.  
Han var den **femte**  
av **seks** sønner  
og het **Syver Ottesen**.  
Han budde i **Ninive** en **ti**

Hvor han satt ved **elvebredden**  
Hvor han passet **tollerene**  
Det var **trettende** å sitte der  
hver **fjortende** dag  
sammen med sine **femten** år gamle sønner.  
Det er nå **seksten** år siden  
han som **syttenaarig** satt inne  
for **attende** gang på nr. **nitten**  
for **tyveri**.


Det kjem meir seinare (ra)





## HELSESEKSJONEN INFORMERER

v/seksjonssjef Gunn Grønnestad



**V**i har tatt i bruk nytt datasystem på legekonto-  
ret. Den nye programvaren gir oss eit trygt og for-  
skriftsmessig riktig pasientjournalsystem, som kan  
nyttast av fleire i behandlingsskjeden i kommunen.

**T**imebestilling og medisinbestilling vil no bli ut-  
ført via dette systemet. Det er tidsbesparande,  
samtidig som det aukar tryggleiken/ reduserer  
moglege feil som kan oppstå.


**V**i vil difor slutte å føre manuell timebestilling.  
Når du no skal bestille time eller få ny leveranse  
av medisinar, er det ein fordel om du gjer dette på  
mandagar og torsdagar. Da er systemet oppkobra,  
og du får rask service.

**H**ar du behov for å ringe og bestille time ein  
annan vekedag, kan du ringe, og vi tar kontakt  
med tidspunkt for legetime.

**E**llers ønskjer vi at brukarane våre tenker over  
korleis dei bestiller dei faste medisinene sine. Ord-  
ninga med sending av medisiner frå apotek er ei  
"etterleving" frå den tida Bokn ikkje var landfast.  
Det skal egentleg gode grunnar til for at apoteket  
skal sende deg medisinane dine. Etter retningsli-  
nene apoteka har, skal du ha vanskar med å ta  
deg fram av medisinske grunnar. Dei fleste har  
jamnleg ærend til Tysvær og Haugesund, og kan  
hente medisinene sjølv på apotek. Då kan du  
samtidig få råd og veiledning, og informasjon om  
apoteket har sendt deg eit synonymt preparat  
(medisin med anna namn, men same virkestoff).

**B**rukar du faste medisiner, kan du og få resept  
som gjeld for eit heilt år. Det er lettare for deg sjøl  
og for oss andre som skal betjene deg. Ta kontakt  
med legekontoet, så kan vi saman finne kva som  
er mest hensiktsmessig for deg.

**S**amfunnet vi lever i endrar seg kontinuerleg,  
og det stilles stadig krav til utvikling og kvalitetsfor-  
betring i tenestene kommunen skal yta til brukarar  
og samarbeidspartnarar.




**V**i har i denne sek-  
sjonen lenge avventa  
utviklinga innen data og  
programutvikling for dei  
forskjellige tenesteom-  
råda, men no blir det  
etter kvart for mange  
ulempes med ikkje å  
bruke slike system.

**I**løpet av det siste halve året er det klarlagt kor-  
leis vi ønskjer at dataverktøyet skal fungera hos  
oss, samtidig som det skal følgje statlege ret-  
ningslinjer som gjeld for pasientopplysningar.

**D**et er bygd opp eit eige nettverk for helsesek-  
sjonen, som fysisk er adskilt frå kommunens and-  
re nettverk for å sikre at det ikkje kan skje noko  
uheldig. Brukarane av helsenettverket må koble  
av og på dei forskjellige nettverka med eigne kon-  
takter. Patientane våre kan difor kjenne seg trygge  
på at systemet er sikkert.


**I**kkje alle arbeidsstasjonane er på plass enno,  
men det håpar vi er i orden til hausten, slik at sys-  
temet kan takast i bruk for fullt.



**H**elseseksjonen oppfordrar alle  
som skal opp i høgda å mala eller  
gjere andre nyttige ting no i som-  
marmånadene:

**HUSK Å SIKRE STIGEN GODT!**

**F**all frå stige fører ofte til alvorlege skadar. Det  
er og viktig å ta stigen ned frå veggen etter bruk.  
Stigen kan være ei spennande utfordring både for  
eigne og naboen sine born!!





# KLUBBKVELD!!!

av ungdomsarbeider  
Ann Kristin Grønnestad

## I HAUGESUND

**Lørdag 25. mai** var en gjeng ungdommer atter en gang samlet utenfor skolen, vi var 24 stykker. Turen skulle gå til Sheiken bowling og biljard, og denne gangen måtte ungdommene selv være med og betale for turen. En hundrelapp hver måtte de ut med, det dekket akkurat det som bowlingen kostet. Vi hadde bestilt Haugaland Taxi til å kjøre oss, og nå kan det se ut som om vi skal få til en fast avtale med de om pris og slikt. Vi har kjørt med dem flere ganger tidligere, og de er jo alltid så hjelpsomme og greie. Det skal de virkelig ha skryt for!

Vel fremme på Sheiken, som jo har flyttet inn i nye lokaler (gamle meieriet), ble vi stående en stund og vente på å slippe til. Dessuten manglet vi to

unge, håpefulle, som skulle kjøre selv. Vi hadde reservert 7 biler, men greide å skvise oss sammen på 6 av de. Til å begynne med var alle ungdommene helt overivrige, og bare kastet seg over tastaturer og skrev inn og visket ut, trykket på feil knapp og fikk opp det ene skjermbildet rarere enn det andre. Da var det greit å kunne trykke på hjelp-knappen, og de stakkars jentene bak disken fikk sannelig sprunget en del! Kaka tok jo han som trykket på hjelp-knappen, og så fulgte denne samtalen;

Moroklumpen: Hallo?  
Jenta bak skranken: Hallo?  
Moroklumpen: Ja, hallo?

*Lang pause*

Jenta bak skranken: E de någe feil? ( lettere oppgitt og irritert)

Moroklumpen: Ehh... naai...?!

Jenta bak skranken: Jammen, då trengje du vel ikkje å trykka! ( litt mer enn lettere oppgitt!)

Moroklumpen: Ehh... ånei... Hadet!

Det er da en tenker med gru på hvilket inntrykk en kommer til å gjøre på betjeningen innen kvelden er over, og rødmer ved tanken på å bli utestengt eller få klar beskjed om at en ikke er velkommen ved en

senere anledning! Men ungdommene våre oppfører seg egentlig ganske pent, selv om "Moroklumpen" tydeligvis hadde vært litt "elektrisk" i maxitaxi'en også, i følge sjåføren...!

Bowlingen gikk ellers ganske smertefritt, en mistet kula i fart, men heldigvis ble den ikke kastet så langt bakover! På den ene banen vår klikket systemet helt, så de måtte begynne om igjen. Men det gjorde ikke så mye, for den runden betalte vi ikke

noe for. I tillegg til to omganger med bowling, fikk vi skoene, en grillpølse og en brus med i prisen. Etter at vi var ferdige å bowle, var det spilleautomatene og isboksen som var mest interessant, spesielt disse automatene med ratt og

girsake var populære.

Vi var tilbake på skolen igjen klokka 22.00, og flere av ungdommene hadde lyst til at kvelden skulle fortsette, enten på Petra eller på skolen, men tiden tilsa at vi tok kveld.

Utenom maxitaxi'en hadde vi to privatbiler, den ene læringen (Tone), og jeg kjørte selv.

**Den 15. juni** var vi en gjeng som skulle til Haugesund og kose oss på Quazar med laser-skyting, og deretter skulle vi på Peppes Pizza og spise.

Alle møtte på skolen klokken 18.00 som avtalt, vi hadde bestilt maxitaxi fra Haugaland Taxi denne gangen også. Den ene læringen og meg selv, stilte med egne biler. Fullastet satte vi kursen mot by'n, og stemningen





var høy.

Den andre lærlingen, Eli skulle møte oss på Quazar klokken 19.00. Hun lurte fælt på hvor vi ble av når klokken sneglet seg mot 19.30, og det ikke var tegn til en eneste ung og håpefull fra Bokn. Vi hadde gyldig grunn til å komme for sent, for mens hun stod og ventet og trippet, så var vi innblandet i en kjedekollisjon.

Ved "Veiviseren" i Tysvær stoppet ganske plutselig bilene foran oss opp, og vi bremsset kraftig ned. Grunnen til at bilene stanset, vet jeg ikke, men det var ikke kø frem til svingen. Jeg stoppet i god avstand til bilen foran, kikket i speilet om lærlingen som kjørte bak meg var oppmerksom på at hun måtte bremse, lot bilen min gli enda lenger frem for å gi henne mer plass, og sjekket i speilet at hun stod i ro. Bilene våre stod helt stille, og jeg prøvde å se hva som foregikk der fremme, da det plutselig smalt!

Det smalt ganske godt også, derfor skjønte jeg egentlig ikke hva som hadde skjedd. Ungdommene i min bil så

nokså forskrekket ut, og jeg husker jeg tenkte på om vi måtte stoppe, eller om vi bare skulle kjøre videre. Et blikk i speilet og kommentarer fra de andre i bilen min, avgjorde saken. Jeg kjørte inn til siden, stanset motoren, gikk ut av bilen og fikk beskjed om å ringe. "Ring til hvem", tenkte jeg. Men da jeg snudde meg fikk jeg se en tredje bil, og inni den satt ei ung kvinne med kutt i pannen.

Det blødde mye fra såret, men hun var i relativt fin form, selv om hun var ulykkelig over det som hadde skjedd. Hun hadde kjørt rett i bilen bak meg, som så smalt i min bil igjen.

Frontruten hennes var knust, det var helt tydelig at hun ikke hadde brukt bilbelte. Tre menn kom raskt til, og vi fikk plassert ut varseltrekant, ringt etter ambulanse, politi, brannbil og Viking. Trafikken ble dirigert, det var store køer fra begge sider. Flere av ungdommene våre er aktive medlemmer i Røde Kors, og en av de eldste fikk vest på seg og dirigerte trafikken.

Ganske snart etter smellet kom ambulansen til ulykkesstedet, og den unge kvinnen ble etter en stund fraktet til sykehuset.

Det har alltid vært min store skrekk at noe skulle skje med noen av ungdommene, på de turene vi har hatt til Haugesund. Nå var det et faktum. Tusen tanker fløy gjennom hodet på en gang. Midt oppi det hele, så må jeg si at jeg er stolt over at alle ungdommene i de to

bilene våre brukte bilbelte. Og dette håper jeg at samtlig av oss har tatt som en slags lærepenge, slik at noe godt kommer ut av det.

Noen var mer opprørt enn andre, men det var ingen alvorlige personskader hos oss. Maxitaxi'en kom et stykke bak oss, og det var sikkert ikke moro for dem når de så at våre biler var innblandet i ulykken.

Den ene av våre biler ble så skadet at den ble fraktet bort av Viking, så plutselig hadde vi plassmangel. Inn til byen fikk vi derfor lov til å skvise inn 6 ungdommer i maxitaxi'en.

To av ungdommene og Tone kjørte jeg til Legevakten for å sjekke om noen av oss hadde fått nakkeskader. Nakkesleng og nakkestrekk, altså muskelskader var konklusjonen, og vi fikk smertestillende og muskelavslappende med oss igjen.

De andre ungdommene var under ledelse av Øyvind Børgesen, som heldigvis også var med denne gangen.

Før taxi'en fikk kjøre fortalte jeg alle hva som skulle skje videre, og spurte om det var noen som ville vi skulle kontakte familien eller sørge for skyss hjem. Det var det ikke, men et par av dem sa at de ikke ville være med på larserskytingen. Det skulle de selvfølgelig få slippe. Dermed sendte jeg de av gårde, for å prøve å redde litt av kvelden for dem i hvertfall.

Et par timer senere møttes vi

igjen, på Peppes pizza, og ble møtt av applaus av gjengen som satt utsultet og nysgjerrige og ventet på mat. Praten gikk høyløyt, det var mye å fortelle og mange inntrykk å fordøye. Gjengen som hadde vært på Quazar ville gjerne fortelle om det, og det hørtes ut som dette var det beste de kunne ha gjort etter ulykken, for å få det hele ut av tankene en stund.

Maten smakte fortreffelig, kanskje det var derfor vi ble så raskt ferdige med måltidet?? Planen var at Eli som hadde sin siste kveld sammen med oss, og de to tiendeklassingene i Petra-styret, skulle få blomsterbuketter overrakt mens vi var på Peppes, men på grunn av ulykken ble blomstene aldri hentet.

Jeg vil til slutt takke alle ungdommene som var med, for at de ville fortsette kvelden, Øyvind for at han overtok lederansvaret, taxisjåføren som hjalp oss på alle mulige måter han kunne, og alle andre som bidro til at kvelden ble så bra som den kunne bli. Tusen takk!







# Petra fritidsklubb informerer



Ann Kristin Grønnestad

Så er vårens Petrakvelder over og sommeren er kommet. Vi har alltid hatt stengt i sommerferien, men dette året protesterte ungdommene selv mer enn tidligere år. Det fikk smilet frem hos meg, for det viser at ungdommene trives på Petra. At de vurderer klubben vår som verdt å bruke tiden sin på, og at de kommer til å savne akkurat dette stedet å være i ferien.

De siste kveldene våre før ferien, skjer alltid det samme, år etter år. Ungdommene står utenfor klubben og diskuterer bil, sladrer om forrige helg og avtaler for neste helg, herjer med hverandre og spinner på parkeringsplassen. Hvis det er lite vind, ligger eksosen ofte tykk rundt bygget og du mer hører enn ser at det ruses i motorer og kvinner i bremses og dekk. Alle tiders!

Som vanlig vil vi starte opp igjen i midten av august, jeg skal jobbe med å få sendt ut nye vaktlistes (forhåpentligvis feilfrie), før oppstarten. Styret i Petra blir jo forandret hvert år ettersom tiendeklassingene slutter. Denne gangen var det Camilla H. Birkeland og Lars Øyvind Alvestad som gikk ut, og på avgangsfesten for tiendeklassen ble det overrakt blomster til dem.

Jeg er ingen taler, men de fortjente både blomster og skryt, så selv om det satt foreldre, lærere og ungdommer rundt meg på alle kanter, så fikk jeg da stotret frem noen ord. De har brukt mye tid og krefter på arbeidet med Petra, og jeg vil spesielt fremheve det siste halve året som en flott periode for styret. Det har vært innsats og samarbeid, og ikke minst oppmøte, til tusen! Det skal alle i styret ha skryt for! At avgangsfesten ble holdt i Petra sine lokaler var jo også morsomt.

Siden Camilla og Lars Øyvind nå har gått ut av styret, har vi fått inn to jenter fra den kommende niendeklassen, nemlig Veronika Sæbø og Emilie Eikje! Vi ønsker dem velkommen, og håper de vil like å samarbeide med oss "veteraner". De har al-

lerede fått være med på ett styremøte, og der ble det bestemt at Veronika skal være den nye kassereren vår, og Emilie overtar jobben til Therese som aktivitetsleder. Therese vil fra høsten av fungere som formann.

Vi har hatt en del turneringer i det siste, og de er blitt premierte med gavekort. Det er jo stas å vinne gavekortet, men samtidig letter det arbeidet for



Velfortjente blomster til Camilla H. Birkeland og Lars Øyvind Alvestad.

Foto: Tom Inge Aksdal

oss med å organisere turneringene. Ungdommene tar det mer seriøst, og stiller til avtalte tidspunkt og gjennomfører "kampene", noe som var litt vanskelig før. Da glemte de seg ut eller ga blaffen i å møte, noe som laget surr i systemet for de som skulle holde oversikten. Premierte turneringer vil vi derfor fortsette med, men ikke så ofte som vi har hatt dem nå. Grunnen til det, er rett og slett økonomien, det blir litt for dyrt med så mange gavekort.

Sommeren er her og vi har hatt litt godvær etter en mild vinter, men vi vil uansett ønske dere alle en fortsatt god sommer med mye flott vær!



# Å R S M E L D I N G

## 2001

---

### Kortutgåve

#### Nokre viktige hendingar i Bokn kommune i 2001

- Kommunestyrevedtak om utbygging av småbåthamn i Hålandssjøen - kostnadsramme kr. 560.000,-. Prosjektet skal etter planen kunne gi plass til 40 nye båt-plassar.
- Vassledningen på Austre Bokn vart vedteke forlenga til Våga - kostnad kr. 1, 5 mill.
- Ny brannbil vart innkjøpt – kostnad kr. 595.000,-.
- Arbeidet med nytt avløpsnett for Alvestadkroken vart sett i gang i slutten av året.
- Dei 4 nye ungdomsbustadene på Øyrenfeltet vart klare for innflytting.
- Sterk næringssatsing gjennom kommunalt pilotprosjekt med hovudsatsingsområde 1) Ungdom som vart tildelt kr. 300.000,- 2) Arbeidsplassar kr. 1.939.000,- og 3) Marknadsføring kr. 200.000,-.
- Bokn kommunestyre vedtok å gå inn som medeigar i Haugaland Næringspark a/s saman med og med tilsvarande andel som kommunane Tysvær, Haugesund og Karmøy. Føremål med selskapet er å leggja til rette for gassbasert verksemd på Gismarvik i Tysvær.
- Det vart lagt fram planar for etablering av nytt europavegprosjekt over Bokn, Rogfast, som skal gi ferjefritt samband mellom Nord og Sør-Rogaland. Bokn kommunestyre vedtok å delta i finansieringa av kostnadane med utarbeiding av konsekvensanalysen.
- Fyrste bind av "BOKN, Gard og ætt" vart ferdig med formell overrekking 5. juni.
- Det vart vedteke å opprette eigen ungdomsleiarstilling i kommunen i inntil 30% stilling.
- Kulturprisen for 2001 vart vedteke tildelt Mathias Are for lang og tru teneste på orgelkrakken og medverknad ved ulike høve som festar, basarar og andre tilstelningar.
- Planarbeidet for ombygging/nybygging av skulen vart slutført og anbods-dokumenta utsendt. Ombygginga skal stå ferdig i løpet av hausten 2002.
- Under føresetnad av statstilskott vart det vedteke å bygga 9 nye omsorgsbustader i tilknytning til sjukeheimen. Planarbeidet vart ferdig i løpet i løpet av 2001, og anbodspapir vil bli sendt ut i løpet av år 2002 med planlagt oppstart hausten/vinteren 2002.



**B O K N**  
K O M M U N E

---




## RESSURSBRUK

Inntekter/utgifter/finansiering (tal i 1000 kr)

|                              | 2000           | 2001           |
|------------------------------|----------------|----------------|
| <b>DRIFTSBUDSJETTET:</b>     |                |                |
| Skatt på formue og innt.     | 14.800         | 8.424          |
| Rammetilskott                | 12.226         | 18.151         |
| Andre innt. inkl. eig.sk.    | 13.059         | 16.680         |
| <b>SUM DRIFTSINNT.</b>       | <b>40.085</b>  | <b>43.255</b>  |
| Løn m.v.                     | -24.579        | -28.175        |
| Kjøp av varer og tjenest.    | -8.809         | -8.867         |
| Overføringer                 | -823           | -1.218         |
| Avskrivningar                | 0              | 0              |
| <b>SUM DRIFTSUTG.</b>        | <b>-34.211</b> | <b>-38.260</b> |
| <b>BRUTTO DRIFTSRES.</b>     | <b>5.874</b>   | <b>4.995</b>   |
| <b>KAPITALUTG.:</b>          |                |                |
| Renteinntekter               | 1.605          | 2.337          |
| Renteutgifter                | -1.071         | -1.434         |
| Mottatte avdr. formidl.lån   | 52             | 29             |
| Avdrag                       | -1.015         | -1.341         |
| <b>Netto kapitalutgifter</b> | <b>-428</b>    | <b>-409</b>    |
| <b>NETTO DRIFTSRES.</b>      | <b>5.445</b>   | <b>4.586</b>   |
| <b>INVESTERINGAR:</b>        |                |                |
| Brutto investeringar         | -10.225        | -7.536         |

**NETTO DR.UTG. FOR 2001 FORDELT  
PÅ RAMMEOMRÅDE. (TAL I 1000 KR)**



## KVA BRUKTE ME PENGANE TIL I 2001

### DRIFTSUTGIFTER :

Av netto driftsbudsjett i Bokn i 2001 gjekk 32% til helse, omsorg og sosial og 35% til skule, barnehage og kultur. 15% gjekk til dei tekniske tenestene inkl. bustader, vegar, vatn, kloakk og

renovasjon, og 18% gjekk til administrativ drift inkl. servicetorget.

Utgiftsfordelinga er ikkje vesentleg endra i forhold til tidlegare år.

### INVESTERINGAR :

I år 2001 investert med for ca. 7,5 mill. kr. Dette var vesentleg mindre enn fôrutsett i budsjettet,

då skulombygging og omsorgsbustader ikkje vart starta opp i 2001 som opphavelag planlagt. Av dei større prosjekta kan nemnast:

- Vassledning til Våga kr. 1.500.000
- Garasje til ambulansen kr. 75.000
- Ungdomsbustader kr. 2.785.000
- Kloakkledning Alvestadkroken kr. 781.000



- Trafikksikringsplan kr. 69.000
- Utbygging Bokn skule kr. 1.917.000
- Småbåthamn Hålandsjøen kr. 560.000
- Aksjar Haugaland Næringspark a/s kr. 500.000

## UTGIFTS- OG INNTEKTSUTVIKLING

Det har i den siste 5 års perioden vore ei sterk vekst både i kommunale utgifter og inntekter.

Inntektene i perioden 1997 – 2001 auka frå ca. 30,5 til ca. 43,2 mill. kroner, mens utgiftene auka frå ca. 27,4 til 38,2 mill. kroner.





## LÅNEGJELD PR. INNBYGGJAR

Av tabellen nedafor ser ein at Bokn kommune har ei drastisk auke i lånegjeld frå 1991 til 2001. Lånegjelda vil stige ytterlegare i 2002 – 2003 som følgje av skuleutbygginga og bygging av nye omsorgsbustader. Det høge lånenivået i kommunen skuldast dei

seinare års investeringar til mellom anna til nytt bustadfelt, barnehage, kloakk- og vassverksutbygging.


Dei auka kapitalkostnadene dekkes inn gjennom avkastning frå Haugaland Kraft a.s og eigedoms-skatt frå gassbasert industri på Kårstø.

| År   | Lånegjeld  | Innb | Gjeld pr innb |
|------|------------|------|---------------|
| 1991 | 9.840.000  | 738  | 13.300        |
| 1995 | 15.015.000 | 780  | 19.200        |
| 2001 | 24.996.000 | 765  | 32.674        |

## BEFOLKNINGSUTVIKLING

| ÅR               | 1996 | 1997 | 1998 | 1999 | 2000 | 2001 |
|------------------|------|------|------|------|------|------|
| Fødde            | 13   | 9    | 9    | 14   | 10   |      |
| Døde             | 9    | 9    | 10   | 6    | 10   |      |
| Fødselsoverskot  | 4    | 0    | -1   | 8    | 0    |      |
| Innflytting      | 21   | 22   | 15   | 35   | 31   |      |
| Utflytting       | 34   | 20   | 35   | 9    | 28   |      |
| Netto flytting   | -13  | 2    | -20  | 26   | 3    |      |
| Bef. vekst       | -9   | 2    | -21  | 34   | 3    | -24  |
| Sum innbyggjarar | 771  | 773  | 752  | 786  | 789  | 765  |

BEFOLKNINGSUTVIKLING I BOKN 1996 - 2001





Ved årsskifte 2001/2002 var folketalet på Bokn redusert til 765 personar. Ei nedgang på heile 24 personar frå året før. Med kommunen sin sentrale plassering i Rogaland, med korte avstandar til arbeids- marknader og nye planlagde vegsamband både til Stavanger og Karmøy, er ein likevel overtydd om at Bokn kommune på sikt vil få ein positiv befolkningsutvikling.

For å fremje ei slik utviklinga vil ein fortsette å ha fokus på det positive i Bokna-samfunnet, arbeide for å gjere unge barnefamiljar i regionen merksame på dei gode oppvekstvilkåra ein har for born og unge i kommunen, og vidare arbeide for å få til ei positiv næringsutvikling - både for å sikre beståande arbeidsplassar og etablering av nye, slik at det også i framtida kan finnast lokale arbeidsplassar i Bokn.

## POLITISK LEIING 2001

## ADMINISTRASJON

|                                                                                                               |                                                         |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------|
| <b>Ordfører:</b> Svein Ove Alvestad (H)                                                                       | <b>Rådmann:</b> Jan Erik Nygaard                        |
| <b>Varaordfører:</b> Arne Hosaas (Ap)                                                                         | <b>Kommunerevisor:</b> Indre Haugaland kommunerevisjon. |
|                                                                                                               | <b>Økonomisjef :</b> Solrunn Alvestad                   |
| <b>Formannskap:</b> Svein Ove Alvestad (H)<br>Åse Bratthammer (SP)<br>Leif Vatnaland (SP)<br>Arne Hosaas (AP) | <b>Seksjonssjef skule:</b> Dag Halvorsen                |
|                                                                                                               | <b>Seksjonssjef sosial:</b> Reidar Alvestad             |
|                                                                                                               | <b>Seksjonssjef helse:</b> Gunn Grønnestad              |
| <b>Administrasjonsutvalet:</b> Tor Harald Alvestad (KrF)                                                      | <b>Seksjonssjef kultur:</b> Jardar Havikbotn            |
| Leiar: Svein Ove Alvestad (H)                                                                                 | <b>Seksjonssjef teknisk:</b> Hans Faye                  |
| <b>Forvaltningsstyret:</b> Kleng Mathias Våga (SP)                                                            | <b>Brannsjef:</b> Hans Faye                             |
| Leiar: Sigrunn Hole Hosaas (SP)                                                                               | <b>Seksjonssjef barnehage:</b> Jarle Haakonseth         |
| <b>Kontrollutvalet:</b>                                                                                       | <b>Seksjonssjef servicetorg:</b> Gro A. Sørensen        |
| Leiar: Birger Lindanger (AP)                                                                                  |                                                         |
| <b>Kommunestyre:</b><br><br>6 møter<br>65 saker                                                               | <b>Formannskap:</b><br><br>15 møter<br>86 saker         |
| <b>Forvaltningsstyre:</b><br>8 møter<br>64 saker                                                              | <b>Driftsstyre:</b><br>9 møter<br>33 saker              |



# Nytt fra Bokn Danse- og Ungdomslag

**H**østen 2001 skiftet Bokn Swingklubb navn til Bokn danseklubb, fordi vi følte at det navnet var mer dekkende for aktiviteten vår.

**V**i har nå gått inn i Norges Ungdomslag (NU) og heter nå **Bokn danse- og Ungdomslag (BDUL)**. Dette har vi gjort fordi vi ønsker tilknytning til kompetanse som NU har ved at de tar vare på norske tradisjoner og kultur gjennom forskjellige aktiviteter som medlemmene kan delta/reise på.

**H**østsamlinga som i år er lagt til nordfylket (sted er ikke bestemt) helga 25. - 27. oktober blir det kurs i

- Teater; barneleiling
- 1900 talls dans
- Kurs i hodeplagg til bunaden

og noen andre kurs, - kanskje dette er noe **DU** har hatt lyst til å vite mer om/ lære? Ta kontakt så skal vi i styret kontakte deg når vi får påmeldingsskjema og vet hvor høstsamlinga blir holdt.

**D**ette koster penger, men som medlem i BDUL med betalt kontingent kan du delta på dette og lignende arrangement der prisen er redusert i forhold til hva et slikt kurs ville kostet ett annet sted.

**K**ontingenten vil være som følger:

- Voksne kr. 150,-
- Ungdom kr. 100,-
- Barn kr. 50,-

**N**å litt om hva vi har gjort det halve året som har vært og hva vi skal prøve å få til det halvåret som kommer:

**D**et har vært linedance for voksne annen hver torsdag med et kjempeflott oppmøte, vi håper alle og flere med kommer når vi starter opp igjen etter sommeren.

**D**a vil vi dele oss inn i 2 grupper; en for nybegynnere og en for de som kan litt mer, samme tid og sted som nå, altså torsdag i partallsuker (2,4,6

osv.) kl. 20.00 til 22.00 der den første timen er for nybegynnere og den andre timen er for de som kan litt mer. Dato for oppstart vil bli å finne på oppslag rundt i kommunen.

**T**o lørdager var det kurs i Linedance for 4 – 10 klasse, det må ha vært gøy for de spør etter mer, og det blir det etter sommeren.

**V**i hadde et kurs i "vestlandsswing" det ble likt av dem som ikke hadde noe erfaring fra dans, men kanskje ikke så veldig populært hos de med noe erfaring.

**D**erfor skal vi få tak i instruktør som kan kurse i swing slik som vi kjenner den. Da vil det bli lagt opp til barn om formiddagen og voksne om ettermiddagen.

**D**isco dans er også noe vi jobber med å få til, slik at de av oss som ønsker å danse dette i pausene på dans eller på diskotek/utesteder kan lære noen nye trinn og kombinasjoner.

**D**et er jo et ønske at det skal bli noe for de i småskolen også. Kanskje er det noen her på Bokn som kan ringdans, sangdans eller leikarring og kunne tenke seg å lære bort både til voksne og barn? - Ta kontakt, det vil jo være dumt å hente inn kunnskap utenfra hvis den allerede finnes i kommunen.

**S**å ønsker vi alle en god sommer og håper vi sees på et av kursene til høsten.

Styret i Bokn Danse- og Ungdomslag:

- Helge Solberg
- Marianne Lie Alvestad
- Rannveig Foss
- Ingvard Ørjansen
- Ann Elisabeth Strand





# KULTURKALENDEREN

- nye arrangement/forandringar blir utheva eller understreka kvar gong -

## JUNI

- 29.-
- 06.07.: Valebø 2002 - Speidarlandsleir på Valebø ved Skien
- 30.: Bruamarsjen - arr. BIL

## JULI

- 01.: Turridding - arr. BORK
- 07.: Funksjonærmarsj kl. 13.00 - arr. BIL
- 07.: Gudsteneste kl. 19.00
- 13.: Marknadsdag i Krojen kl. 10.00 - sjå siste side
- 13.: Utedans ved Kyrkjebygd kultur- og aktivitetshus.  
Sjå eigen annonse.
- 14.: Hagelaget på 11 dagars tur til Floriaden i Nederland og Belgia
- 20.: Basar NMS kl. 19.30
- 28.: Gudsteneste kl. 11.00

## AUGUST

- 04.: Møte Norsk luthersk Misjonssamband kl. 19.30
- 11.: Open gard på Kleivå kl. 12.00 - 17.00
- 16.: Utlodding Nordmisjonen kl. 19.00
- 18.: Gudsteneste kl. 11.00
- 19.: Oppstart Bokn musikkorps, voksenkorpset
- 20.: Oppstart speidarar, ulv og meis. Speidarkl. kl. 18.00
- 22.: Oppstart Bokn musikkorps, juniorkorpset
- 22.: Soknerådsmøte kl. 19.00
- 25.: Bedehusets dag
- 28.: Oppstart Bokn Røde Kors Hjelpekorps (BRKH)
- 29.: Bokn Pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 30.-
- 01.: Robinsonkurs - arr. BRKH
- 31.: Distanseritt på Ognøy kl. 11.00. Horse-party om kvelden! -arr. BORK

## SEPTEMBER

Oppstart nye ridekurs på Ognøy og på Krovågen Hestesenter.

BIL arrangerer lrskeften denne mnd.

- 01.: Gudsteneste kl. 11.00
- 01.: 100 års jub. Den Norske Sjømannsmisjon kl. 19.00
- 04.: Bingo - arr. BIL
- 07.: Oppstart 40 timars førstehjelpskurs - arr. BRKH
- 08.: Misjonsfest NMS kl. 19.00
- 08.: Hagelaget har temadag
- 09.: Bokn søndagsskule på Bedehuset kl. 10.30
- 10.: Leirbålskveld i Ognahabn kl. 18.00 - 20.00 Alle velkomne. Ta med kopp.
- 11.: Korpskveld for BRKH
- 13.: Møte ABR-senteret kl. 19.30
- 15.: Gudsteneste kl. 11.00
- 20.-
- 22.: Kaffimøte Frelsesarmen kl. 15.00
- 25.: Korpskveld for BRKH
- 26.: Bokn Pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 26.: Soknerådsmøte kl. 19.00
- 27.-
- 29.: Juniorkorpset til Karmøy Brass Festival
- 29.: Hausttakkefest i kyrkja kl. 11.00
- 29.: Bingo - arr. Bokn Musikkorps

## OKTOBER

- 02.: Basar Indre sjømannsmisjon kl. 19.30
- 03.: ALPHA kl. 19.00
- 04.-
- 05.: Tur til Sandbekken for ulv og meis

- 06.: Bokn søndagsskule på Bedehuset kl. 10.30
- 06.: Møte Normisjon kl. 19.30
- 09.: Redning barmark - arr. BRKH
- 09.: Kontaktmøte kl. 19.30
- 12.-
- 13.: Musikkorpset, voksenkorpset har seminar på skulen
- 13.: Gudsteneste kl. 11.00
- 17.: ALPHA kl. 19.00
- 20.: Bokn søndagsskule på Bedehuset kl. 10.30
- 20.: Møte NMS kl. 19.30
- 23.: Korpskveld for BRKH
- 25.: Bedehusbasar kl. 19.30
- 25.-
- 27.: Troppstur for speidarar til Vigdarheim
- 27.: Gudsteneste kl. 11.00
- 27.: Bingo - arr. Bokn Musikkorps
- 26.: Dans på skulen med Midtsambandet - arr. BIL
- 31.: Bokn Pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 31.: ALPHA kl. 19.00

## NOVEMBER

- 03.: Gudsteneste kl. 19.00
- 05.: Opptaksfest for speidarar på Bokn Bedehus kl. 18.00
- 06.: Korpskveld for BRKH
- 07.: Soknerådsmøte kl. 19.00
- 08.: Møte ABR senteret kl. 19.30
- 09.-
- 10.: Musikkorpset, juniorkorpset har seminar på skulen
- 10.: Frelsesarméen har Familiemøte m/søndagsskule på Bedehuset kl. 10.30
- 14.: ALPHA kl. 19.00
- 15.: Møte Israelmisjonen kl. 19.30
- 16.: Auksjon på skulen - arr. Bokn musikkorps
- 17.: Gudsteneste kl. 11.00
- 20.: Korpskveld for BRKH
- 22.: Kulturkveld på Bedehuset kl. 19.00
- 24.: Bokn søndagsskule på Bedehuset kl. 10.30
- 24.: Julebingo - arr. Bokn musikkorps
- 28.: Bokn Pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 28.: ALPHA 19.00

## DESEMBER

- 01.: Tenning av julegrana på skulen og Boknatun - arr. Røde Kors og Musikkorpset
- 01.: Lysmesse i kyrkja med speidarprosjekt
- 03.: Juleavslutning for speidarar, ulv og meis på skulen, kl. 18.00 - 21.00
- 04.: Korpskveld for BRKH
- 05.: ALPHA kl. 19.00
- 07.: Nissemarsj - arr. BIL/kulturkontoret
- 08.: Bokn søndagsskule på Bedehuset kl. 10.30
- 08.: Luciafest - arr. Bokn musikkorps
- 12.: Soknerådsmøte 19.00
- 15.: Gudsteneste kl. 11.00
- 18.: Juleavslutning med graut, Røde Kors
- 19.-
- 24.: Sal og utkøyring av juletre - arr. BRKH
- 22.: Juletrefest på Bedehuset kl. 15.00 -arr. Bokn søndagsskule
- 24.: Gudsteneste kl. 14.30
- 26.: Gudsteneste kl. 11.00
- 28.: Romjulsdans på skulen - arr. BIL og Bokn Røde Kors
- 29.: Juletrefest kl. 15.00
- 31.: Gudsteneste kl. 16.00



## GYMSALTIMEPLAN, KVELD

| DAG     | AKTIVITET                                                                 | KL.                                             | ANSVARLEG                                                     |
|---------|---------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------|
| Måndag  | Fotball 11-12 år<br>Bokn Musikkorps                                       | 16.30 - 18.00<br>20.00 - 22.00                  | Gunnar Bokneberg<br>Lillian Grønnestad                        |
| Tysdag  | Barnetrim<br>Fotball, A-lag<br>Aerobic                                    | 16.15 - 17.00<br>19.00 - 21.00<br>21.00 - 22.00 | <u>Anne Faye og Rannveig Foss</u><br>Kjetil Hamre<br>June Kro |
| Onsdag  | Fotball 7-8 år<br>Badminton<br>Volleyball, vaksne                         | 17.00 - 18.00<br>18.00 - 19.30<br>20.00 - 22.00 | Jan Kristian Jøsang<br>Bufellesskapa i Bokn<br>Rita Jensen    |
| Torsdag | Bokn Musikkorps (inkl. kjøkken og musikkrom)<br>"Linedance" i partalveker | 17.00 - 19.00<br>20.00 - 22.00                  | Lillian Grønnestad<br>Marianne Lie Alvestad                   |
| Fredag  | Badminton<br>Fotball, A-lag                                               | 17.30 - 19.00<br>19.00 - 21.00                  | Bufellesskapa i Bokn<br>Kjetil Hamre                          |



### BOKN IDRETTSLAG INFORMERER

**Fotballguttar og jenter**, GRATULERA med ein flott vårsesong. Kårstøcupen gjekk flott for dei to minste laga som var med. 7-8 års-laget vann 2 kampar, 1 uavgjort og eit tap, flott! 9-10 år fekk fair play-prisen! 11-12 års-laget har spelt kanonbra, nå må Gunnar halda løftet og spandera pizza på heila laget. Lukke til med haustsesongen både store og små!

Trimfesten for alle

**Bruamarsjen** søndag 30. juni

Sjå eiga annonse.

**Utedansen** 6 juli er avlyst.

Det er lagt opp til utedans laurdag den 13.juli i staden slik at den faller saman med marknadsdagen.

Anne Tove Øvrebø kjem da heim til Bokn saman med eit band ho er med i for å spela opp til dans.

**Klubbhusets sponsorar:**

- Grieg seafood
- A.Olufsen skipsservice
- Loden Laks
- Haugaland Kraft
- Sparebank 1 SR-Bokn

- Bokn Plast
- Coop Bokn handelslag
- Privat sponsor

Hittil er det kome inn 107.500,- Tusen takk!

**Turlaget har satt opp følgjande turar, kvar søndag kl. 20.00**

- 7.juli Austre bokn, møtes i Våga.
- 14.juli Odnaneset, møtes v/Daniel Thuestad.
- 21.juli Varafjell, møtes v/sauehuset til Osmund Våga
- 28.juli Hognåsen, møtes v/Mathias Are
- 4. august familietur til Kongshamn, me grillar pølser på bål i strandkanten.
- 11. august Boknafjellet, møtes på Vaulen.

**Marie Vågshaug og Rita Jensen er kontakt-personar i turlaget, ta gjerne kontakt med oss om du har turforslag eller noko anna du lurar på.**

VEL MØTT !!

GOD SOMMAR TIL ALLE.



Foto. JH



## MINNEORD

Olga H. Alvestad er død, nær 89 år gamal.

Ho var fødd og oppvaksen i Øvrabøvågen. Foreldra var Kristine og Torvald Øvrebø.

I barneflokket på sju var ho nr. fire. Olga hadde huspostar i Bokn og på Rennesøy til ho gifta seg med fiskaren Rikard Alvestad i 1934. Då flytta dei til Bokn.

Allerede i 1940 blei ho enke budde heime hos foreldra i Våga i krigsåra. Da hadde ho forskjellig arbeid på ulike gardar.

1946 kjøpte Olga hus i Krojen av ein av brørne, som overtok heimegarden i Våga. Då byrja ho på Hermetikkfabrikken. Der var ho med i produksjonen, og blei siden bestyrerinne til fabrikken bleinedlagt. Etter det jobba Olga som husmorvikar i kommunen til ho blei pensjonist. Ho flytta inn i dei nye omsorgsbustadene hausten 1995.

Olga lika svært godt handarbeid, og ho strikka, hekla og broderte heilt til synet svikta. Broderiet over talarstolen i Bokn Bedehus er signert Olga, og ho sende også kofter til AS Håndstrikk i Bergen i 40 år. Olga var med i misjonsforeningen (NMS) og Bokn Bedehus' forening.

Lesing og kryssord var ho også glad i, og ein flittig gjest på biblioteket. Olga gleda seg stort over den moderne utviklingen, og lydbøkene blei flittig brukt i CD-spelaren hennar.

Ho var interessert i medmennesker, og at alle skulle ha det godt.

Olga visste mykje og hadde godt minne. Barnebarna fekk mange gode historier av henne. Ei historiebok er lukka.

Ho etterlet seg to søstre, to barn, to svigerbarn, fire barnebarn og fire oldebarn.


## Savnar du noko?

Denne gong fekk eg av ulike grunnar ikkje den tida eg vanlegvis brukar på å produsera Bygda-bladet, noko som igjen betyr at enkelte ting måtte utelatast.

Nokre av lesarane og bidragsytarane vil nok savna det dei rekna med var i bladet denne gong. Dette kjem i juli/august-utgåva, som er venta ut 16. august.

Sjølv har eg ferie 1. - 29. juli, men innboksen er open heile tida. Eg vil ynskja alle lesarane og samarbeidspartnarane ein god sommar!

- redaktøren -





## MINNEORD



Liv Foss er død, nær 80 år gamal.


Ho var fødd og oppvaksen på Helgøysund i Sjernarøy. Foreldra var Theodora og Charles Pedersen. Liv var yngst av fire sysken og blei gift med Johan Foss. Dei fekk tre barn.

Liv var husmor og stelte heimen og dei nærmaste med stor omsorg. Besøkjande blei alltid tatt godt imot, og ho varta opp med mykje god mat.

Liv likte godt å sysla med strikking, syng og hekling. Hagen var viktig for henne og mykje tid gjekk med til hagearbeid.

Ho budde på sjukestova frå november 1995, der ho døydde. Liv var ein snill, roleg og omgjengeleg person.

Tre barn, ni barnebarn og seks oldebarn lever etter henne.



### NYTT FRA FORVALTNINGSSTYRET




#### Forvaltningsstyret hadde møte den 18.06.02:

- Johnny Are har søkt om utvidelse av eksisterende molo i Grønnestadvågen. Forvaltningsstyret har anbefalt søknaden som er oversendt fylkesmannen som dispensasjonssak etter Plan –og bygningslovens §17-2
- Forslag til reguleringsplan for skytebane ved Stølen ble sluttbehandlet av forvaltningsstyret. Planen blir lagt fram for kommunestyret til endelig godkjenning i september.
- Forslag til reguleringsplan for fiskerihavn ved Knarholmen ble sluttbehandlet av forvaltningsstyret. Planen blir lagt fram for endelig godkjenning i september.
- Gustav Solberg har søkt om fradeling av tomt til "spredt boligbebyggelse" på Akسدal. Søknaden er i strid med kommuneplanen og behandles som dispensasjonssak. Forvaltningsstyret har anbefalt delingen, men fylkesmannen har pålagt kommunen sitt vedtak. Saken vil bli sluttbehandlet av fylkesmannen i Hordaland.

- Bokn Plast A/S har søkt om tillatelse til å bygge industrihall på inntil 25m høyde og fylle ca.60m ut i sjøen for kaibygging innenfor gjeldende reguleringsplan sør for boligbebyggelsen i Føresvik. Tiltaket er vurdert til å være i vesentlig strid med gjeldende plan. Forvaltningsstyret vedtok å legge ut til offentlig ettersyn en revidert plan hvor endringene er tatt inn.

Olav Øvrebø har plassert campingvogn innenfor område som er regulert til nausthytter på Øyrenfeltet. Forvaltningsstyret har vedtatt at campingvogna skal flyttes inn på område som er regulert til campingplass.







# Bokn i endring

Kjære lesar!

Ordføraren har nyleg skrive brev til Fylkesmannen i Rogaland v/Tora Aasland med omskrive kopi til miljøvernministeren og landbruksministeren med kopi til kommunalministeren og stortingsbenken frå Rogaland. Brevet handlar om Bokn som livskraftig lokalsamfunn i framtida.

Svein Ove Alvestad håpar at lesarane engasjerer seg i sentraliseringsspørsmålet, og eg inviterer til diskusjon i bladet om desse viktige utfordringane for Bokn.

- redaktøren -

## Ordførarens brev:

### UTVIKLING AV BOKN SOM LOKALSAMFUNN

Bokn er eit lite lokalsamfunn med eit folketal som har vist ein oppgang fram til 2000, kor me fekk ein tilbakegang og er nå 768 innbyggjarar. Lokalsamfunnet har vore prega av optimisme og fleire unge har valt å busette seg her. Nå ser me ein meir negativ trend, kor fleire arbeidsplassar, bl.a innan jordbruk, fiske og havbruk er trua. Bokn har eit stort og variert tilbod av frivillige lag og organisasjonar som slit med å oppretthalde tilbod til barn og unge. Aktivitetar som fotballag, handballag, musikkorps og speidar har tidvis store problem med å stille nok folk. Me høyrer meir at dei unge vurderer å etablera seg andre plasser.

I kommuneplanen som blei vedtatt i 1999, etter ein lang og god prosess med høg medverknad frå innbyggjarane, var hovedmålsetjinga at Bokn treng fleire innbyggjarar.

Der blei det utpeika fleire satsingsområde, bl.a. utvikling av arbeidsplassar, satsing på barn og unges oppvekstmiljø, attraktive tomter med mulighet for naust og båtplassar, marknadsføring av kommunen og ein god og aktiv skule.

Mulighet for spredt bustadbygging var sentralt og sett på som heilt nødvendig for at det skulle bu folk på heile Bokn.

Kommuneplanen har tatt høgde for alt dette i tekst- og arealdelen.

Bokn kommune har satsa svært mykje på ulike tiltak

og eg kan nemna nokre:

1. Bygging av ny barnehage med plass til alle som søker.
2. Aktivitetshus for ungdommen.
3. Utviding av skulen.
4. Utbygging av nytt bustadfelt
5. Utbygging av småbåthamn er påbegynt.
6. Etablering av nytt industriområde til Bokn Plast AS.
7. Utarbeiding av kystsoneplan og landbruksplan

I den seinare tid har kommunen fått fleire søknader om spredt bustadbygging og etablering av naust med brygge som har vært i tråd med kommuneplanen, både intensjonen og arealdelen. Eg trudde då at dette var avklart og plankekøyning. Så opplever me at søknadene og tiltaka møte svært stor motbør og folk gir opp. Dette er svært uheldig og gir eit negativt inntrykk av å kunne få etablera seg på Bokn, med ein redusert etablering som resultat. Me vil ikkje klara å oppretthalda eit livskraftig lokalsamfunn på Bokn med færre innbyggjarar. Er det dette myndighetene vil?

Spesielt er eg opptatt av at dei som ønskjer å etablera seg med bustad må få lov til det. Spredt bustadbygging i LNF-område er i utgangspunktet vanskeleg, men for at me skal kunne ha busetting i heile kommune, og ikkje oppleve døde gardar og bygder, må der bli gitt løyve til å få bygga nye hus. Mange føler tilknytning til den garden dei kommer frå og vil busette seg der, og kanskje på sikt overta garden. Dette lar seg ikkje gjennomføre i praksis uten at ein får skilja frå ei tomt.

Når eigar og kjøpar, gjerne foreldre og barn, dei som driv og eig garden, synest dette er ein svært god løysning og ikkje ser noko til hinder for vidare drift må der gis løyve til bustadbygging.

Oppretthalding av kulturlandskap, biologisk mangfald og mulighet for friluftsliv er avhengig av spredt bustadbygging og aktive gardar.

**Dette er ikkje i strid med kommuneplanen, men i tråd med kommuneplanen og i alles interesse.**

Det verkar og heilt meningslaust å hevda at å skilja frå ei bustadtomt på eit lite gardsbruk på Bokn vil medføre at jordbruksdrifta må tilpasse seg andre interesser og truer landbruket, medan det er heilt greit å bygga ned tusenvis av mål med dyrka mark og livskraftig jordbruk på Nord-Jæren.

Den sentrale landbrukspolitikken er og sterkt med på å gjera det uråd å leva av gardsdrifta på Bokn og



bøndene må ha anna arbeid i tillegg. Forholda må leggest til rette for at bøndene i det minste kan oppretthalda kulturlandskapet.

Bokn er ein kommune med over 20% av sine areal i 100m sonen og me har berre bygd ut ca 10%, sjølv om me har levd og lever av det som skjer i nærheten til sjøen. Ei viktig forutsetning for at me skal få eit livskraftig lokalsamfunn er at me får bruke det som er attraktivt med Bokn, **nærheten til sjøen og sjøen**. Det at me har bygd ut under 10% av 100m sonen vise at me kan ta vare på og forvalte vår strandsonen på ein forsvarleg måte kor alle interesser blir i vare tatt.

Me opplever nå at Bokn ikkje skal få mulighet til å ta i bruk 100m sonen og at den skal være til disposisjon for dei som har etablert seg på landbruksjord eller i 100m sonen i byar, som Stavanger og Hauge-sund, som fritid- og rekreasjonsområde.

**Eg vil oppfordre til at Fylkesmannen ikkje bidreg til den sterke sentraliseringa som me oppleve og gir Bokn løyve til å bruke dei mulighetene me har til å få bustad- og næringsetablering. Slik at me kan etterleve intensjonen i kommuneplan for å skape eit livskraftig lokalsamfunn på Bokn.**

Bokn kommune står nå føre revisjon av kommuneplan og eg inviterer dykk til Bokn for å diskutera om Bokn skal ha ei framtid som eit livskraftig lokalsamfunn.

---

Under logoen "Bokn i endring" er det sjølv sagt også plass til innlegg som ikkje handlar om endringar. Snarare tvert imot.

Det trygge og omsorgsfulle miljøet vil vel alltid vera ein del av Bokn.

Her kjem eit slikt innlegg frå ein lesar:

- redaktøren -

## Hjelpsomhet på Bokn

Jeg har sett i de siste nr. av Bygdabladet at folk har skrevet litt om hvordan det er å bo her på Bokn. Nå vil jeg gjerne få komme med mitt syn, som nynnflyttet fra Stavanger.

Både jeg og min datter, Hanne Cathrine, har blitt godt mottatt over alt. Det er nå en ting, men jeg har fått merket omsorgen og hjelpsomheten som følger med å bo på en liten plass.

Onsdag 5. juni var Hanne Cathrine og Karina (datteren til Arild, min samboer) ute på sparkesykkel. Etter mye om og men, hadde jeg fått på dem hjelmer. Klokken begynte å nærme seg innetid, så jeg satt og ventet på dem, da plutselig telefonen ringte. Det var Fridun Ognøy. Hun kunne fortelle meg at

hennes mann, Per Ognøy og Judith Grønnestad, var på vei hjem i bilen med min datter. Hun hadde falt på sparkesykkelen og skadet seg.

Rett etter ringte det på døren. Der sto Judith med Hanne Cathrine på armen. Hele fjeset var dekket av blod, så jeg tok henne rett inn på badet for å sjekke skadene. Jeg vet ikke helt sikkert om jeg husket å takke, for jeg ble så forfjamset av det som hadde skjedd. Arild gikk oppover veien, for å finne Karina. Hun kom nedover med begge sparkesyklene.

Det viste seg at Hanne Cathrine hadde kommet utforbi veikanten og ramlet. Karina klarte, som den flinke jenta hun er, å dra henne inntil kanten, slik at hun ikke skulle ligge i veibanen. I tilfelle det kom biler, som Karina sa. Hun ropte etter hjelp. Dette hørte Judith, som var ute og gikk tur og kom springende for å hjelpe. Hun fikk takk i Per, som satte seg i bilen med en gang og fikk kjørt henne hjem. Heldigvis gikk det ganske bra denne gang. Hanne Cathrine fikk en liten hjerne rystelse og knakk en del av begge framtennene. Utenom dette var det "bare" masse skrubb sår i fjeset og beina.

For det første vil jeg si: Tusen takk til alle som var til hjelp. Dette ville jeg aldri ha opplevd der vi bodde i Stavanger, blant annet fordi naboene ikke ville visst hvem Hanne Cathrine var. Slik er det å bo på en stor plass. De hadde nok hjulpet, men de fleste ville ikke visst hvor de skulle kjøre henne. Når man bor på en liten plass som Bokn, kjenner de fleste alle. Det kan være både på godt og vondt, men denne gang, så var det det gode som kom fram.

Det er kommet en god ting ut av dette. Begge barna bruker hjelm, uten at jeg må mase på dem mer. Synd det måtte en slik ulykke til for at de skulle forstå. Håper flere barn kan lære av denne episoden. Som legen sa, hadde ikke Hanne Cathrine hatt hjelmen på seg, ville hun vært mer skadet. Vi kan også se skadene på hjelmen, som har tatt av for en del av fallet.

Så til slutt, vil jeg bare fortelle Karina hvor stolt jeg er av henne, som beholdt roen og fikk tak i hjelp. Det er ikke mange på 8 år som hadde klart det samme.

Dagen etter reiste vi opp til Fridun, Per og Judith med blomster. Det var min måte og vise min takknemlighet på. Skulle gjort mye mer, men som de sa til meg da jeg kom.... Det var en helt naturlig ting for dem å gjøre.

Dette er for meg en stor fordel med å bo på Bokn. Folk viser omtanke og oppmerksomhet med hverandre, noe jeg legger merke til hver dag. De vet hvem de skal kontakte om ulykken skulle være ute. Så godt kjenner ikke folk hverandre i storbyer, så der har Bokn noe som alle burde tenke over.

Med vennlig hilsen  
Sidsel Faret




# Reguleringsplan for 12 tomter ved Boknaton

## Privat bustadfelt vest for Boknaton

Bokn kommunestyre vedtok i møte den 15.mai 2002 å godkjenna reguleringsplan for del av gnr. 9 bnr. 1 (Erling Sæbø) til bustadføremål. Reguleringsplan av 22.11.01, sist revidert 17.04.02 med tilhøyrande bestemmelser av 22.11.01 vart vedtatt med 10 mot 5 røyster.

Mindretalet røysta for eit framlegg frå Per Helge Sunde om bytting av ei tomts plassering mot leikeplassen.


Bustadområdet ligg rett vest for Boknaton, og får såleis ei sentral plassering i forhold til butikk, barneha-ge, skule, idrettsanlegg og andre kommunale tenester






# COOP BOKN

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk



coop  
marked




**BJØRN LINDANGER**



## Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
- Me formidler båring og skyting.
- Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk
- Levering av rør og kummer.
- dumperbiler.



## A. OLUFSEN SKIPSSERVICE A.S

### AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

**VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-  
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-  
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP**





**BOKN KOMMUNE**  
5561 BOKN

## Ungdomsbustad til leige

Bokn kommune har 1 ungdomsbustad på Øyren til leige frå 01.08.02

Bustaden er på 52m<sup>2</sup> med 1 soverom.

Husleiga er for tida kr. 2.250,- pr. mnd.  
Indeksregulering av husleiga kvart år.

Bokn kommune har vedtatt reglar for utlei-  
ge av ungdoms-bustader som går på lei-  
getid, alder m.v. Nærare opplysningar om  
dette kan ein få ved å venda seg til Bokn  
kommune ved

Reidar Alvstad, tlf. 52 75 25 04.

Søknad skal sendast til Bokn kommune,  
5561 Bokn.

Trimfest



for alle

Søndag 30. juni 2002

### Bruamarsjen:

10 km Våga Austre Bokn

6 km Boknafjellet

5 km Naturstien

Påmelding v/ start kl 11.00 - 13.00 Voks-  
ne kr 60,- Barn u/ 15 år kr 40,-

Linedance show kl 14.00

Premiering: Deltakermedalje/merke/premier  
Opplysninger om marsjen:

Roy Tjøsvoll tlf 52 74 82 09

Velkommen til sommerens folkefest i Bokn.

Start og målområde er Bokn skule.

Her er det sal av grilla laks, pølser, vafler, brus, is kaffi m.

## Bokn idrettslag 30 år

**NB!**

- ✓ Nå er det lurt å spare i fond
- ✓ Stikk innom SpareBank 1
- ✓ Plasser penger i et ODIN-fond

Historien viser at langsiktig sparing i aksjefond har gitt bedre avkastning enn vanlig banksparing, selv om en enkelte år kan oppleve store svingninger i aksjemarkedet. De fleste av oss har ikke anledning til å følge med i aksjemarkedet selv. Plasserer du penger i et ODIN-fond vil kunnskapen og erfaringen til ODINs forvaltere gi deg muligheter for en høy avkastning over tid. Mens forvalterne jobber for deg kan du planlegge hva du vil gjøre med den forventede meravkastningen som langsiktig sparing i aksjefond forventes å gi. Stikk innom SpareBank 1 i dag, så får du høre mer om hvordan du sparer i fond, og hvilke muligheter fondssparing gir. **Kjøp ODIN-fond av noen som kjenner deg.**

Stikk innom SR-Bank Bokn eller ring oss på telefon 52 74 82 21 - så forteller vi mer!

**SpareBank 1 SR-Bank**

bank · fond · forsikring · eiendomsmegling



[www.sr-bank.no](http://www.sr-bank.no)





*Hjertelig takk for all deltagelse og blomsterhilser ved Olga H. Alvestads bortgang.*

*Hans, Kristine m/familie*

*Takkar for kr. 3.832,- som vart gitt til Bedehuset ved Olga Alvestad si gravferd.*

*Styret*

*Hjertelig takk for blomster og deltagelse ved vår kjære mor, Liv Foss' bortgang.*

*En spesiell takk til betjeningen ved Bokn sjukestove for god pleie og omsorg.*

*Familien*

**BIBLIOTEKET ER STENGT I  
TIDA 09.07 – 12.08**


**GOD SOMMAR!**

## **BORDER COLLIE-VALPAR**

6 stk. gis bort.

Leveringsklare i  
midten av august.


For meir informasjon,  
ring June - 52 74 82 72



## **Til salgs**

- Rød jentesykel, 2 - 5 år m/korg, lykt og støttehjul
- Hamax-sykelsete
- Grønn Emaljunga sportsvogn -95-mod. m/regntrekk og handlenett


Ring June - 52 74 82 72



## **Arskroen kafé & selskapslokale**

*Vi leverer smørbrød/kaker til enhver anledning.*

*Selskapslokaler til leie,  
ta kontakt for tilbud.*



*Puben er stengt i juli.*

**Søndagsmiddag hver søndag**

**Har du spørsmål,  
kontakt Lars-Jacob 99 03 70 32**

## **UTEDANS**

Anne Tove Øvrebø kommer heim til Bokn med sitt nye band og spelar opp til utedans på Kyrkjebygd kultur- og aktivitetshus. Dei spelar det meste, men er ekstra glad i countrymusikk.

Lørdag 13/7 kl. 21.00 - 01.30  
Aldersgr. 15 år cc. Kr. 160,-

**Arrangør: Bokn Musikkorps**



*Stor takk til alle dykk som i løpet av skuleåret har tatt imot elevar i samband med "elevens val" ved Bokn skule.*

*Takk for at de har vore med å gi elevane ei positiv oppleving, og at de var så greie at dei fekk koma.*

*Helsing lærarane på  
mellom- og ungdomssteget*



|                            |                                                                  |                        |                              |
|----------------------------|------------------------------------------------------------------|------------------------|------------------------------|
| 52 75 25 00                | Sentralbord                                                      |                        | postmottak@bokn.kommune.no   |
| 52 75 25 01<br>98 22 15 01 | Rådmann                                                          | Jan Erik Nygaard       | jnygaard@bokn.kommune.no     |
| 52 75 25 02<br>98 22 15 02 | Økonomisjef/personalansvarleg                                    | Solrunn Alvestad       | soa@bokn.kommune.no          |
| 52 75 25 03<br>91 35 40 82 | Ordfører<br>Tysdag – ring på førehand                            | Svein Ove Alvestad     | svein@bokn.kommune.no        |
| 52 75 25 04<br>98 22 15 04 | Seksjonssjef sosial                                              | Reidar Alvestad        | ralvestad@bokn.kommune.no    |
| 52 75 25 05<br>98 22 15 05 | Seksjonssjef teknisk                                             | Hans Faye              | hfaye@bokn.kommune.no        |
| 52 75 25 07                | Økonomiavdelinga,<br>rekneskap og løn                            | Leni Mannes            | lem@bokn.kommune.no          |
| 52 75 25 09<br>99 53 19 35 | Økonomiavdelinga,<br>skatt og fakturering                        | Lindy Haram            | lharam@bokn.kommune.no       |
| 52 75 25 08<br>98 22 15 08 | Seksjonssjef kultur                                              | Jardar Havikbotn       | jhavikbotn@bokn.kommune.no   |
| 52 75 25 10                | Seksjonssjef servicetorg                                         | Gro Sørensen           | gsorensen@bokn.kommune.no    |
| 52 75 25 12                | Barne- og ungdomsarbeidar<br>Tysdag 08.00 - 13.00 i partalsveker | Ann Kristin Grønnestad | agroennestad@bokn.kommune.no |
| 52 75 25 15                | Telefaks Boknatun                                                |                        |                              |
| 52 75 25 16                | Pleie- og omsorgssjef                                            | Anny Kallekødt         |                              |
| 52 75 25 30                | Bokn sjukestove                                                  |                        |                              |
| 52 74 85 22                | Legevaktssentralen                                               |                        |                              |
| 52 75 25 34<br>98 22 15 03 | Seksjonssjef helse                                               | Gunn Grønnestad        | ggroennestad@bokn.kommune.no |
| 52 75 25 36                | Psykiatrisk sjukepleiar<br>Tysdag/onsdag 08.00 – 15.00           | Miriam Berland         |                              |
| 52 75 25 40                | Legekontor                                                       | Mandag og torsdag      |                              |
| 52 75 25 43                | Open helsestasjon torsd. 08.30 - 12.30<br>Tysdag etter avtale    | Rita Førland           |                              |
| 52 75 25 45                | Bokn Folkebibliotek                                              | Linda Ognøy            | lognoey@bokn.kommune.no      |
| 52 75 25 47<br>93 41 54 40 | Kyrkjeverge<br>Tysdag/torsdag 08.30 – 15.30                      | Svanhild Alvestad      | svalves@frisurf.no           |
| 52 75 25 50<br>98 22 15 10 | Seksjonssjef skule                                               | Dag Halvorsen          | dhalvorsen@bokn.kommune.no   |
| 52 75 25 51<br>98 22 15 11 | Rektor                                                           | Ingjerd Ellingsen      | iellingsen@bokn.kommune.no   |
| 52 75 25 13<br>98 22 15 09 | Barnevernleiar<br>Tysdag, og etter avtale                        | Eva Moi                | emoi@bokn.kommune.no         |
| 52 75 25 65 (66)           | Skulefritidsordning                                              | Ranveig Nygaard        | rnygaard@bokn.kommune.no     |
| 52 75 25 67                | Telefaks skulen                                                  |                        |                              |
| 52 75 25 69                | Forkontor, skulen                                                | Norunn Jordbrekk       | njordbrekk@bokn.kommune.no   |
| 52 75 25 70<br>98 22 15 12 | Seksjonssjef barnehage                                           | Jarle Haakonseth       | jhaakonseth@bokn.kommune.no  |
| 52 75 25 80                | Tannlegekontor                                                   | Anita Knutsen          |                              |



### **BOKN FYSIOTERAPI**

Tysdag og onsdag og helgene i partalveker.

Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

### **FOTTERAPI**

Kvar onsdag på legekontoret kl. 09.00 – 14.00

Første onsdagen i kvar mnd. kl. 15.00 - 18.30

For påmelding, tlf. 52 74 84 79

**Rita Jensen - fotterapeut**

### **TRYGDEKONTORET**

Kontortid kl. 9.00 – 14.30

Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Tlf. 52 75 21 50 - Fax. 52 75 21 51

Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150

Ingunn Sunde: linjenr. 152

**Ingunn Sunde - trygdesjef**

### **LANDBRUKSKONTORET**

Kvar torsdag kontordag i Boknatun  
kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre  
vekedagar, tlf. 52 77 05 00

**Bjørn Bruaset - jordbrukssjef**

## **Veteranmotorsykkel**

**Restaureringsobjekt ønskes kjøpt**

**Tlf. 52 84 35 64 - Bjørn Bruaset**



## **BOKN BYGDABLAD**

### **UTGJEVAR**

Bokn kommune

5561 BOKN

Tlf 52 75 25 00

Fax 52 75 25 15

E-post [jhavikbotn@bokn.kommune.no](mailto:jhavikbotn@bokn.kommune.no)

### **BYGDABLADNEMND**

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

### **REDAKTØR**

Jardar Havikbotn

Direkte tlf. 52 75 25 08

### **REDAKSJON**

Jardar Havikbotn

Reidar Alvestad

Linda Ognøy

### **ABONNEMENT**

Kr. 200,- pr. år

### **ANNONSEPRISAR**

Heilside kr. 500,-

Halvsida kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Privatann. kr. 30,-

Fastann. etter avtale

### **FRIST FOR STOFF**

Etter avtale med redaktøren

### **BLADET KJEM UT**

10 gonger i året

### **STORT FORSIDEBILDE**

Det siste klassebildet av 10. klasse 2001/2002

Foto: Tom Inge Aksdal

## **TILBUD STEINFRI SKJELLSAND + høy og halm**

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 150,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

*Kontakt Morten Ullenes,*

*4150 Rennesøy*

51 72 31 33

900 16 817



## Endeleg er plata klar!

Signerte Cd'ar blir solgt på  
Marknadsdagen i Krojen 13. juli!

Jardar Havikbotn

1. FÆRING OG FRIERI
2. SJØORMEN I BOKNAFJORDEN
3. HULDRA PÅ BOKN
4. EVENTYRET OM BOKN BRU
5. REKE-HANS
6. GULLHØNÅ
7. NEI, HER VERT DA INGJEN SOMMAR
8. SJØORMEN I BOKNAFJORDEN \*
9. HULDRA PÅ BOKN \*
10. EVENTYRET OM BOKN BRU \*\*

\* NRK-program med John Skien, Jan Spurkeland og historikar/bygdebokforfattar Birger Lindanger  
\*\* Nyskrive siste vers til bruopninga i 1991 er mixa inn

Jan Spurkeland var skulesjef i Bokn 1976 – 1980. Visa *Færing og frieri* markerte starten på ei rekke boknaviser som kom til under denne perioden. Songane blir også brukte i dag, både som allsongar og i mindre grupper under ulike arrangement. Bokn Blandakor song fleire av desse saman med opphavsmannen på slutten av 1980-talet og under opninga av Boknasund Bru i 1991.


I 2001 kjøpte Bokn kommune originalopptaka frå NRK Rogaland. Desse er remixa og lagt til rette for CD-produksjon av Øyvind Børgesen og undertekna. Det er ei glede for Bokn kommune å kunne gi ut denne samlinga, som også inneheld to NRK-program av stor lokalhistorisk verdi.

Du finn alle songtekstane i coverheftet. Her er også bilder av *Gullhønå (Boknaferja)* og Julianne Nilssens flotte bursdagskake frå bruopninga i 1991, og sjølvstelt sjølve Boknasundbrua - eventyret som blei verkeleg. På baksida av plata finn du eit bilde frå Gunnarstadlia. Viss du skaffar deg plata forstår du kvifor.

Det første opplaget er på 100 stk. og det blir tatt opp bestillingar dersom det blir tomt den 13. juli. Nytt opplag vil føreligga i august. Inntektene frå CD'en går til å dekkja produksjonskostnadene.

Jan kjem til Marknadsdagen med gitaren og stemma. Daniel Thuestad blir med på trekkspel, Øyvind Børgesen på bass og undertekna på piano.

Då skulle alt ligga til rette for ei musikalsk mimrestund den andre laurdagen i juli.



## Velkommen til Marknadsdag i Alvestadkroken

Laurdag 13. juli kl. 10.00 - 14.00

- Demonstrasjon av varer
- Smaksprøvar
- Gode tilbod for dagen
- Salsutstillingar
- Speidarane har loppemarknad
- Røde Kors har demonstrasjon av båt/overlevingsdraktar
- Havnavegen Vel har lykkehjul
- Musikk av Jan Spurkeland m/venner
- Baking
- Sal av nybakst, kaffi, fiskesuppe og graut

Alvestadkroken Landhandel/Sjøhuset